

Referat

Studieprogramråd for bachelor i sjukepleie, campus Førde

Deltakarar: Fagseksjonsleiar Anny Aasprang, fagleg representant og programkoordinator Astri Hagenes, fagleg representant Inger Oline Bruland, fagleg representant Aud Berit Fossøy, fagleg representant Terese Bjordal, studentrepresentant Charlotte Rimstad, eksternt medlem Berit Ullebust, eksternt medlem Hilde Loe Reed, studierettleiar Elisabeth Aase Sæther, studierettleiar Siri Munch Wahl (referent).

Til stade: Anny Aasprang, Aud Berit Fossøy, Astri Hagenes, Elisabeth Aase Sæther, Berit Ullebust, Charlotte Rimstad og Siri Munch Wahl.

Forfall: Hilde Loe Reed, Inger Oline Bruland og Terese Bjordal.

Møtedato: 12.10.21

kl. 10.15 – 11:30

Møterom: Kinnaklova/Kvamshesten

Sak	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste	Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt. kommentarar	Fagseksjonsleiar	5 min
Referat: Ingen kommentarar til innkallinga. Saklista vart godkjent.			

2/21 Status ved bachelorutdanninga i sjukepleie campus Førde etter COVID-19 situasjonen.		Fagseksjonsleiar orienterer om status og endringar	15 min
<p>Referat:</p> <p>Fagseksjonsleiar innleiar saka og orienterer om at haustsemesteret so langt i 2021 har hatt normal drift. I vår vart fleire av kulla delt i klasser med tilpassa utdanningsløp for å sikre studiepoengproduksjonen. Ingen studentar vart stoppa grunna endringane som var gjennomført. Semesterstart i august vart gjennomført i samsvar til smitteverntreglane der dei nyoppstarta kulla (kull 79 og 79D) på sjukepleie vart delt i mindre klassar. Etter full gjenopning og avvikling av koronatiltaka ved HVL har utdanninga likevel haldt fram med vekselvis fysisk og digital undervisning. Generell gjennomstrøyming av uteksaminerte studentar og tal studentar i kulla har vore normal.</p> <p><u>Eksamen:</u></p> <p>Fagseksjonsleiar har vore i møte med eksamenskontoret der utdanninga vil halde fram med planlagt digital eksamen i deleksamen mikrobiologi, SYKF130 <i>Anatomi, fysiologi, biokjemi og mikrobiologi</i>, og SYKF140 <i>Sjukdomslære og farmakologi</i>. Mot slutten av oktober 2021 vil alle eksamenane, både på utgående og ny studieplan for bachelor i sjukepleie ved campus Førde, gå i tråd med vurderingsformane som er fastsett av emnebeskrivingane.</p> <p><u>Praksis:</u></p> <p>Praksis i haust har gått som planlagt. Det vart vedteke av utvida leiargruppe ved FHS at Midlertidig forskrift om gjennomføring av utdanningar regulert av rammeplan mv. i forbindelse med utbruddet av covid-19, som opna opp for fråvær inntil 20% i praksisstudiar, vart forlenga ut haustsemesteret 2021. Fagseksjonsleiar poengterer at det likevel har vore lite fråvær i praksis, samt at det ikkje har vore nødvendig å bruke SIM Arena for og tilfredsstillende krava om tal timar i direkte pasientretta arbeid for imøtekome læringsutbytta i praksis.</p>			

3/21 Oppstart av samlingsbasert desentralisert deltidsutdanning bachelor i sjukepleie		Fagseksjonsleiar orienterar	15 min
<p>Referat:</p> <p>Det er klare føringar frå departementet at HVL skal drifte desentralisert sjukepleieutdanning på deltid, og i haust ble det starta opp desentralisert deltidsutdanning på bachelor i sjukepleie ved campus Førde, Bergen og i Haugesund. Utdanninga fekk tildelt totalt 36 studieplassar i Førde, men per i dag går det 19 studentar i kullet. Deltidsstudiet går over fire år der studentane skal produsere 22,5 studiepoeng kvart semester. Teoriemner er samlingsbaserte med noko fysisk og noko digitalt. All praksis skal gå på fulltid og vil skje lokalt, men ikkje på eigen arbeidsplass. Det er planlagt opptak på utdanninga annakvart år.</p> <p>Fagseksjonsleiar fortel at det har kome tilbakemeldingar frå deltidskullet om korleis studiet er organisert og kva som verte tilrettelagt for studentane i utdanningsløpet. For å imøtekome tilbakemeldingane på ein god måte vart det kalla inn til eit møte med kullet for forventningsavklaringar og informasjonsutveksling. Det er stor variasjon i korleis kommunane og helseføretaka/arbeidsgjevar har lagt til rette for studentane og deira totale arbeidssituasjon. Fagseksjonsleiar fortel at Høgskulen har gitt tilstrekkeleg informasjon og studentane sjølve må ta ansvar for eige studie- og arbeidssituasjon.</p> <p>Vidare orienterar fagseksjonsleiar om studieløpet til desentralisert deltidsutdanning og legg fram ei skisse for studieprogramrådet. Studiet er 75% deltid og går over fire år. Kullet følgjer den nye studieplanen og har, samanlikna med tidlegare deltidskull (på utgåande studieplan), ikkje planlagde «friperiodar» i utdanningsløpet. Fagseksjonsleiar legg til at det stillast høge krav til studentane for å følgje ei slik deltidsutdanning parallelt med jobb. Disse krava må formidlast tydeleg ut til kommunane for økt forståing for studiesituasjonen og den totale, individuelle arbeidsbelastninga under studietida.</p> <p><i>Kommentarar frå studieprogramrådet:</i></p> <p>Studieprogramrådet kommentarar at det blir spennande å følgje utviklinga på den desentralisert deltidsutdanninga. Det er i tillegg viktig å ha god dialog med kommunane om krava som ligg i studiet. Fagseksjonsleiar presiserer at dei gjerne kommer ut til kommunane for å informere om studiet og krava. Ved studiestart var alle studentane oppfordra til å ikkje jobbe meir enn 50% parallelt med studiane.</p>			

4/21 Utfordringar knytt til praksisstudiar våren 2022		Fagseksjonsleiar orienterar	15 min
<p>Referat:</p> <p>Fagseksjonsleiar orienterer om at det er dobbelt så mange studentar i psykiatripraksis denne hausten. Vi har både utgåande studieplan og ny studieplan som har ulike utdanningsløp ute i psykiatri. Utgåande studieplan har <i>SK166 Rettleia praksis i psykisk helsearbeid/helsevern</i> som ligg i tredje studieår, og ny studieplan har <i>SYKF330P Praksisstudie, sjukepleie ved psykisk sjukdom/liding</i> som ligg i andre studieår. Fagseksjonsleiar presiserer at det er stort trykk på praksis denne hausten ettersom vi har store kull og endringar som vart gjort grunna COVID-19. Fagseksjonsleiar fortel at vi får same utfordring knytt til studenttrykket i psykiatripraksis våren 2022. Dette vil vere siste semester vi har både utgåande og ny studieplan parallelt i psykiatripraksis.</p> <p>Vidare fortel fagseksjonsleiar at det vert retta meir fokus for å sikre god rettleiing og oppfølging av studentar i praksisemner på ny studieplan. Praksisfeltet skal få god kjennskap og innsikt i dei nye læringsutbyttebeskrivingane, der blant anna psykisk helse er eit meir gjennomgåande tema og ein rød tråd i den nye studieplanen. Bachelorutdanninga har derfor denne hausten økt ressursane for å styrke at rettleiarane i praksisfeltet og studentane skal imøtekomme dei nye krava. Fagseksjonsleiar presiserer at dei vil fortsette med tiltaka også til våren.</p> <p><i>Kommentarar frå studieprogramrådet:</i></p> <p>Det vert presisert at å styrke ressursane for opplæring og innføring i dei nye læringsutbyttebeskrivingane er svært positivt. Praksisfeltet har eit stort behov for opplæring i overgangen til ny studieplan.</p> <p>Det vert i tillegg kommentert at dei nye vurderingsskjema i praksis opplevast som betre. Skjema legg i større grad ansvaret over på studentane og korleis dei skal jobbe målretta framover for å tilfredsstille krava.</p>			

5/21 Kort presentasjon av andre og tredje studieår etter ny studieplan		Fagseksjonsleiar orienterar	10 min
<p>Referat:</p> <p>Hausten 2022 begynner kull 77 på sitt tredje studieår i utdanninga på ny studieplan. Kullet startar med felles teoriemne og eksamen i <i>SYKF300 Sjukepleie ved komplekse og samansette pasienttilstandar og sjukdomsbilete i kommunehelsetenesta</i>, og vidare i emnet SYKF250 Folkehelse i eit nasjonalt og globalt perspektiv med fem veker teori. Kullet delast deretter i to klassar der klasse A går ut i praksisdelen av <i>SYKF250</i> og <i>SYKF360P Praksisstudie, Fagleg leiing, tenesteutvikling og innovasjon</i>. Klasse B går ut i <i>SYKF320P Praksisstudie, Sjukepleie ved komplekse og samansett pasienttilstandar og sjukdomsbilete i kommunehelsetenesta</i>. Våren 2023 bytter klassene der klasse A går ut i <i>SYKF320P</i> og klasse B i <i>SYKF250</i> og <i>SYKF360P</i>. Utdanninga avsluttast med at heile kullet skriv bacheloroppgåva, <i>SYKF390 Bacheloroppgåve</i>. Fagseksjonsleiar fortel at utdanningsløpa i tredje studieår er lagt opp til lengre praksisperiodar i kommunehelsetenesta. Det vil i større grad vere mogleg å kople praksisane til t.d. mindre forskingsprosjekt. Emneansvarlege og fagseksjonsleiar er i dialog med kommunane for å kartlegge korleis disse praksisemna kan gjennomførast på ein spennande og utfordrande måte. Fagseksjonsleiar fortel at praksisfeltet i større grad kan kome med ein «bestilling» og problemstillingar om t.d. folkehelse, og håpa dette kan skape engasjement både blant studentane og i kommunane.</p>			